



Vurdering av moglege alternative forslag til endringar i barnehage- og skulestrukturen i Tokke – høyringsdokument

Rådmannen sender med dette ut til offentlig høyring vurderingar og alternative forslag til endringar i skule- og barnehagestrukturen i kommunen.

Tokke kommunestyre vedtok i sak 10/006 fylgjande mandat for arbeidet:

Vurderinga av skulestrukturen i Tokke – jf kommunestyrevedtak i sakene 08/078 og 09/058 gjennomførast etter fylgjande mandat:

1. *Føremålet med vurderinga av barnehage-, skule- og oppvekstsenterstrukturen er å oppnå minimum kr 1 500 000,- i årlege reduserte driftsutgifter rekna frå 1.aug 2011.
Omsynet til elevane sitt læringsmiljø og sosiale miljø skal leggjast mest vekt på i vurderinga, medan dei breiare samfunnsmessige omsyn vurderast av kommunestyret til slutt.*
2. *Arbeidet gjennomførast i tråd med opplæringslova § 8-1, og skal munne ut i forslag til ny kommunal forskrift om opptaksområde for barnehagane og skulane i Tokke. Forslaget skal innehalde retningsliner for korleis søknadar om skulebyte skal handsamast.*
3. *Fylgjande alternativ (eller i kombinasjonar) skal handsamast med omsyn til borna/elevane sitt læringsmiljø, sosiale miljø og økonomi:*
 - a. *Vurdering av reduksjon til 2 skule- og barnehagekrinsar i kommunen – Høydalsmo og Dalen, og vurdere om båe skal ha ungdomsskuletilbod.*
 - b. *Vurdere flytting av mellomstega (5-7.klasse) ved eitt eller fleire oppvekstsentra til høvesvis Tokke og Høydalsmo skular.*
 - c. *Vurdere nedlegging av eitt eller fleire av kommunen sine oppvekstsentra. Det skal i så fall vurderast om barnehagen skal halde fram.*

*I alternativa ovanfor skal den administrative organiseringa ved kvar eining og samla for kommunen vurderast. Dette femner òg om bemanninga på kultur- og oppvekstetaten i kommunen samt rektor og inspektørs avsette tid til administrasjon og merkantile ressursar på kvar skule.
Konsekvensar for SFO-tilbodet skal òg vurderast.*

4. *KO-utvalet er referansegruppe for arbeidet med å vurdere ev forskriftsendring av opptaksområda for barnehagar og skular.
Andre sentrale og lokale folkevalde bør medverke i samband med grendemøte og liknande, og det vert gjeve reise- og møtegodtgjersle som for kommunestyremøte ved slik deltaking.
Formannskapet som økonomiutval skal ha høve til å uttale seg før saka vert lagt fram for kommunestyret til endeleg avgjerd.*

For alle alternativ er det lagt til grunn at bygningsmassa på dei ulike stadene held fram i kommunal eige som grendehus eller liknande, og det er difor ikkje rekna med innsparing i drifta av sjølve bygget.

Elev- og bornetali i tabellane er ut frå folkeregisteret pr 2.mars 2010 samt opplysningar frå Helsestasjonen i kommunen.

Me veit at det er variasjonar over tid kor stor prosent av barnekullet som nyttar seg av barnehagetilbodet. Det er derfor teke høgde for at alle borna nyttar tilbodet i sin krins fullt ut når krinsane vert samanlikna.

Innleiingsvis vert nokre problemstillingar som er felles og til dels uavhengig av struktur drøfta.

Fritt skuleval

Med dette meines at føresette fritt kan velje kva for skule i kommunen eleven skal gange på. Hovudregelen i lova er at eleven skal gange på den skulen som er nærast, men òg at eleven har krav på utbyte av undervisninga. Om årsaka til at føresette ynskjer annan skule for eleven er at eleven ikkje får (fullt) utbyte av undervisninga på nærskulen (grunna mobbing o.l.), må kommunen dekke skuleskyss til alternativ skule. Er det omsynet til vener, fritidsaktivitetar eller praktiske omsyn for foreldra som er årsak til søknad om skulebyte må foreldra som utgangspunkt sjølve koste skuleskyss for eleven. Men innfører kommunen ei ordning med fritt skuleval så er det grunn til å tru at gratis skuleskyss må fylgje med som del av tilbodet.

Til no har kommunen hatt ein restriktiv praksis i skulebytesaker av omsyn til grendeskulane; for å halde oppe det sosiale miljøet så langt som råd.

Dei fleste foreldre ynskjer nærmiljøskule, men tilhøva kan nokre gongar bli så vanskelege for eit barn (mobbing, utfrysing, mangel på vener ol.) at føresette likevel vil prøve om barnet deira kan få det betre ein annan stad.

Prinsippet i opplæringslova er at elevane og opplæringa er foreldra sitt ansvar – skulen skal hjelpe foreldra i dette arbeidet. Elevane er ikkje kommunen eller staten sine born og difor tilrår eg at det vert lagt avgjerande vikt på foreldra sine ynskje. I praksis inneber dette at søknadar om skulebyte bør innvilgast om ikkje vesentlege grunnar talar i mot.

I alternativ 1 med berre to skulekrinsar er problemstillinga med fritt skuleval mindre aktuelt, men til fleire grendeskular/oppvekstsenter kommunen har til meir aktuell er problemstillinga.

Ved skulebyte har skuleadministrasjonen i kommunen trong for noko tid for å leggje til rette skuleskyss og undervisning, særleg om det er spesialpedagogiske tiltak inne i biletet.

Det kan òg tenkast omsyn som tilseier at kommunen bør nekte skulebyte trass i foreldra sine ynskje.

Om kommunestyret seier seg samd i at søknadar om skulebyte som hovudregel bør imøtekomast så er det mest rasjonelt å delegere mynde til å avgjere søknadar om skulebyte til rådmannen, og med høve til å delegere vidare i administrasjonen.

Ynskjer kommunestyret ein restriktiv skulebytepolitikk bør avgjerdsmynda framleis liggje til eit politisk organ.

Fylkesmannen er klageinstans ved søknadar om skulebyte.

Kulturskulen

Kulturskulen underviser i dag på alle skular/oppvekstsenter etter skuletid. Grunna skuleskyss så er det mest praktisk at kulturskulen framleis held til på grendeskulen om undervisninga vert flytt.

Om til dømes elevar frå Mo og Byrte skal få sitt kulturskuletilbod på Tokke skule om Byrte oppvekstsenter vert lagt ned så har dei ikkje offentleg skyss heim når kulturskuletimen er ferdig.

Av denne grunn har eg ikkje rekna med mindre utgifter for kulturskulen om ein grendeskule vert lagt ned.

Områderektor

I mandatet ligg òg å vurdere den administrative organiseringa og ordning med områderektor. Eg tek opp dette spørsmålet innleiingsvis då seinare lovtolkning har gjort ordninga lite aktuell. Utgangspunktet i lova er at rektor skal kunne halde seg fortruleg med den daglege verksemda ved den enkelte skule, og tid til å vidareutvikle skulane stillinga har ansvar for. Følgjande førespurnad vart retta til Fylkesmannen:

Visar til: 'Opplæringslova og forskrifter med forarbeid og kommentarer 2009' frå PEDLEX s 129. Her er det referert ein merknad til §9-1 i opplæringslova frå Ot.prp. nr 67 (2002-03):

'Opplæringa i skulen skal leiast av ein rektor – det gjeld i motsetning til tidlegare alle skular, altså no også små grunnskular, men det vil kunne vere tillate at skular har felles rektor, så langt det vil vere mogleg for rektor å halde seg fortruleg med den daglege verksemda ved den enkelte skule rektor leier, og å arbeide for å vidareutvikle denne verksemda'.

Utdanningsavdelinga hjå Fylkesmannen svarar slik i ein e-post:

Fylkesmannen kjenner godt til denne merknaden, og vi innser at loven ikke er til hinder for at to eller flere skoler har felles rektor. Merknaden er fra 2002, og noe foreldet i forhold til dagens praktisering av loven. Fylkesmannen i Hordaland hadde senest for et par år siden en sak på dette området og konkluderte med at 2 skoler i Bergen ikke fikk anledning til å ha felles rektor selv om de bare lå 700 meter fra hverandre. Det har med rektors tilstedeværelse å gjøre. Tilsvarende sak kom på bordet i Drammen der avstanden mellom skolene var ennå mindre, og Fylkesmannen i Buskerud konkluderte med at det måtte tilsettes rektor på hver av skolene. Det betyr at tolkningen av loven er innskjerpet. Av den grunn anbefaler vi nå at enhver skole bør ha en rektor.

Fylkesmannen seier òg at dei stadene områderektor er nytta i Telemark så er ordninga truleg ulovleg og vil få avvik ved ev tilsyn.

I praksis er det berre til dømes når ein barneskule og ein ungdomsskule ligg vegg i vegg at ordninga kan nyttast. Spørsmålet om områderektor synest såleis ikkje aktuelt i Tokke.

Administrativ organisering

Med dette meines Kultur- og oppvekstsjefens stab samt merkantile ressursar på skulane. KO-sjefens stab er bemanna med ein KO-sjef, ein pedagogisk konsulent og ein kulturkonsulent.

Tokke skule har 50 % merkantil stilling og Høydalsmo har ei 30 % stilling.

I dei seinare åra har skulesektoren kome med forslag om å auke dei merkantile ressursane frå 50 % til 80 % ved Tokke skule og frå 30 % til 50 % ved Høydalsmo skule – til saman 50 %. Årleg kostnad ved dette vil vera om lag kr 200 000,-.

Nedgangen i talet på elevar fører isolert til mindre arbeid ved ein skule, medan eit omfattande utviklingsarbeid samt nye dokumentasjons- og rapporteringskrav o.l. dreg i motsett lei.

100 % stilling som spesialpedagogisk koordinator i KO-sjefens stab vart vurdert i samband med budsjettet for 2009. Kommunestyret vedtok då at spørsmålet måtte utgreiast nærare. I budsjettet for 2010 vart det heller ikkje funne plass til dette tiltaket. Grunna nye retningslinjer for spesialpedagogiske utgreiingar og vedtak er trongen for denne koordinatorstillinga redusert. Det er rektor som no gjer vedtak. I staden bør ein vurdere nærare å skipe ei stilling som spesialpedagog som kan nyttast til tidleg innsats i barnehagane. Dette bør i så fall takast inn i det årlege budsjettarbeid.

Alternativ 1 nedanfor vil gje færre einingar og færre tilsette å styre for KO-sjef med stab, men det er vanskeleg å talfeste ev mindrearbeid. Fyresdal prøva ei ordning der rektor ved sentralskulen samstundes var skulesjef, men har no gjenge attende til ein KO-sjef som i Tokke.

ORGOS-prosjektet vil vurdere den administrative strukturen i Tokke – som inkluderar KO-sjefens stab. Uansett vil det vera trong for tilstrekkeleg leiingskapasitet for å sikre ei god gjennomføring av ei slik stor strukturendring som alternativ 1 inneber.

Dei arbeidsoppgåver som ligg til skulesjefsstillinga forsvinn ikkje om stillinga takast bort. Oppgåvene må då i staden fordelast på andre og då særleg rektorane på kvar skule. Resultatet vert fort at rektor må få auka administrasjonstid (dei har avtaleverket sin minimumsressurs i dag) - og høgare løn.

Noko vesentleg innsparing er det såleis ikkje tale om med å fjerne skulesjefsstillinga.

I denne omgang konkluderar eg med at kommunen inntil vidare bør halde fast på skulesjefsfunksjonen og ein pedagogisk konsulent, og at spørsmålet om administrativ organisering vert inkludert i ORGOS-prosjektet.

Skuleskyss/skuleveg

Det er fylkeskommunen som er ansvarleg for å organisere skuleskyssen. Kommunen betalar persontakst pr elev.

I snitt betalar kommunen om lag kr 10 000,- pr elev pr år for skuleskyss. Strukturforslag alt 1 nedanfor vil innebere skyssing av om lag 50 fleire elevar samanlikna med i dag.

Kommunen sine skysskostnadar vil då auke med om lag 0,5 mill kr i året.

Skyssutgiftene er inkludert i innsparingsberekningane for dei ulike alternativ, men det er teke omsyn til fleire år då elevtali varierar år om anna.

Før 1999 galt ein rettleiande norm om at elevane si daglege reisetid frå avreise frå heimen til skuleklokka ringde inn ikkje skulle overstige 45 min kvar veg i småskulen, 60 min for mellomsteget og 75 min for ungdomsskuleelevar. Dette gjeld ikkje lenger. No er det opp til kommunestyret sitt skjønn å fastsetje kva som er ei akseptabel reisetid for borna i kommunen.

Skuleskyssen brukar 45 min frå Krossli til Tokke skule, 30 min frå Åmdals verk og 35 min frå Byrte. For samla reisetid må ein plusse på tida kvar enkelt elev brukar frå heimen til busstoppet, samt legge på 5 min som bussen kjem fram til skulen før skuledagen byrjar.

Lårdal – Høydalsmo er 20 min rein busstransport, men pga korrespondanse med vgs-skyss til Dalen må elevane reise frå Lårdal kl 0715. Skulestart i Høydalsmo er 0815, og samla reisetid Lårdal – Høydalsmo er såleis 1 time.

Ei særleg problemstilling gjeld Lauvikgardane. Denne grendi høyrer til Åmdals verk skulekrins, men av praktiske omsyn har nokre elevar herfrå søkt og fenge løyve til skulebyte til Tokke skule. Ved ei ev nedlegging av ÅVOS vil elevar frå Lauvik få ein urimeleg lang skuleveg rundt om verket, og kommunen vil truleg få krav om å omgjera den private vegen Lauvik – Brattestå til kommunal veg. Denne private vegen har store og kostnadskrevjande utfordringar knytt til mellom anna rassikring om vegen skal nyttast for skuleskyss. Dette er eit vesentleg moment for å halde oppe Åmdals verk skule.

SFO

Skulefritidsordninga vil verta mindre tilgjengeleg – i nokre tilfelle heilt utilgjengeleg, for elevane frå grendene om barnehagen ved oppvekstsenteret vert lagt ned då det i utgangspunktet ikkje er tilbod om skyss i samband med SFO.

Eg har ikkje rekna inn auka kostnadar til drift av SFO ved Tokke eller Høydalsmo skule som fylgje av fleire brukarar frå grendene. Med den nedgangen som er i elevtalet framover, vert det truleg ikkje fleire brukarar av SFO ved Høydalsmo eller Tokke skular jamvel om elevar frå grendeskulane kjem til.

Plass til fleire born ved Tokke skule og Dalen barnehage

Ein dimensjonerande faktor er om mottakande skule eller barnehage har plass og/eller kapasitet til å taka i mot fleire elevar/born.

Dalen barnehage er for tida tilnærma full og har skipa 2 avdelingar på Tangane for å imøtekoma trongen. Slik det ser ut vil Dalen barnehage kunne taka i mot dei få borna som held til i Byrte frå 1.aug 2011, men ikkje fleir.

Dette aktualiserar spørsmålet om dimensjonering av ny barnehage på Dalen – skal den dimensjonerast for å kunne huse born frå både Byrte og Åmdals verk?

Om Dalen vert slege saman med Byrte og Åmdals verk krinsar vert det aktuelle bornetalet:

f. 06	f. 07	f. 08	f. 09	f.10	Sum born	Sum plassar
18	19	13	2 plassar 18	2 plassar 13	81	103

Av desse 81 born tilhøyrer 11 born (17 plassar) Åmdals verk krins. Om desse skal ha plass på Dalen må nye Dalen barnehage dimensjonerast med ei ekstra avdeling – med tilhøyrande auka kapitalkostnadar. Bornetalet ser ut til å falla framover. Etter ei samla vurdering er konklusjonen at det vert dyrare for kommunen å utvide nye Dalen barnehage til å ta i mot born frå ÅVOS og at nye Dalen barnehage bør dimensjonerast med 5 avdelingar/90 plassar. Barnehagen på Verket bør halde fram inntil vidare – vil føre til auka kostnader å leggje den ned.

Tokke skule har heller ikkje overflod av plass, men me ser eit minkande elevtal framover. Eg legg til grunn at Tokke skule kan taka i mot elevar frå ÅVOS og Byrte (1.-7.klassesteg), men ikkje ungdomsskuleelevane frå Høydalsmo dei næraste åra. Tokke skule har klasserom pr. i dag som rommar opp til 28 elevar. Skal ein få til innsparing ved å slå saman ungdomsskulane må ein ha minst to klasserom som tek om lag 35-40 elevar (for å ha ein liten margin). Samanslåing allereie frå 1.aug 2011 er såleis problematisk, men etter kvart som elevtali minkar og ved mindre bygningsmessige tiltak så er dette eit tiltak som kan gjennomførast.

Høydalsmo skule vil kunne taka i mot elevar frå Lårdal utan plassvanskar.

Bibliotekfilialane

Alle grendene har òg bibliotekfilialar.

I Lårdal ligg denne i alderspensjonatet, og treng slik sett ikkje bli påverka av om skulen vert stengd.

På Åmdals verk ligg filialen i tilknytning til barnehagen, og det er eit spørsmål om ein bør finne ein alternativ plassering av bibliotekfilialen om ÅVOS vert stengt slik at heile huset kan takast ut av bruk.

I Byrte legg eg til grunn at skulebygget uansett vil halde fram som grendehus, og at bibliotekfilialen dermed òg kan halde fram uavhengig av om oppvekstsenteret vert lagt ned.

Skuleelevar og barnehagane er ei viktig kundegruppa for bibliotektenesta, slik at ein må vente at utlånstali ved ein filial gjeng ned om oppvekstsenteret vert stengt.

Sosiale omsyn

Borna i Høydalsmo, Lårdal og til dels Eidsborg har felles kulturelle arenaer i Høydalsmo på fritida.

Dalen har ei tilsvarande rolle for Byrte og Åmdals verk, jamvel om både Verket og Byrte har eigne aktivitetar i tillegg.

Ved tidlegare vurderingar av skule- og barnehagestruktur har det vore lagt til grunn ei grense på 2 elevar i snitt pr alderstrinn slik at alle har ein jamaldring å vera saman med. Kor viktig dette er i praksis er nok uvisst.

Ved å flytte mellomsteg vert ev leikekameratar/vener som høyrer til ulike årgangar skilde i yngre alder.

Læringsmiljø/kvalitet

Visar her til tidlegare konklusjonar om at det er vanskeleg å sei kategorisk at ein stor skule er betre enn ein liten – eller motsett. Eg tek difor læringsmiljøet/kvalitetsdimensjonen inn her under generelle merknadar som gjeld for alle uavhengig av struktur.

Eit større lærarkollegium vil til vanleg kunne inneha meir spesialisert kompetanse, medan det er enklare å få til godt tilpassa opplæring i mindre grupper.

Kvalitetsutvikling og utvikling av eit godt læringsmiljø må gjerast på den enkelte skule innafor dei rammevilkår som gjeld. Læringsmiljø og kvalitet kan ikkje vedtakast eller sikrast med organisatoriske grep, men skuleeigar kan påverke kvaliteten gjennom arbeidsgjevarpolitikken og økonomiske løyvingar/rammer. Visar elles til

Utdanningsdirektoratet sitt kvalitetsutviklingsverktøy som er uavhengig av struktur.

Innafor ei gjeven økonomisk ramme seier det seg sjølv at det vert mindre på kvar eining til delingstimar, kompetanseheving og utstyr når det er fleire som skal dele kaka.

Auka reisetid er til vanleg ein negativ kvalitet – og meir negativ til yngre borna er. Det er individuelt kor slitsamt transport er for eit barn, men nokre vil kunne oppleve redusert læringsutbytte og all transport stel tid frå andre aktivitetar born ynskjer å deltaka i.

Om ein skule år om anna har trugsmål om nedlegging hengande over seg så er det truleg at dette er negativt for rekruttering av lærarkrefter.

Nedre grense for bornetal/elevtal omtala i forskrift?

Pr. i dag har kommunestyret vedteke at viss talet på born i ein barnehage kjem under 6, elevtalet i ein småskule kjem under 8 og under 6 på eit mellomsteg, så skal mellombels nedlegging vurderast.

Når kommunen utarbeider ei ny forskrift om opptaksområde (skulekrinsgrenser), så må framgangsmåten som er omtala i forvaltningslova kapittel VII om forskrifter fylgjast. Her heiter det mellom anna:

§ 37. (utredningsplikt, forhåndsvarsling og uttalelser fra interesserte).

Forvaltningsorganet (i dette tilfellet kommunen – min merknad) skal påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes.

Offentlige og private institusjoner og organisasjoner for de erverv, fag eller interessegrupper som forskriftene skal gjelde eller gjelder for eller hvis interesser særlig berøres, skal gis anledning til å uttale sig før forskriften blir utferdiget, endret eller opphevet. Så langt det trenges for å få saken allsidig opplyst, skal uttalelse også søkes innhentet fra andre.

Forvaltningsorganet bestemmer på hvilken måte forhåndsvarslingen skal foregå og kan sette frist for å gi uttalelse.

Uttalelser skal gis skriftlig. Forvaltningsorganet kan i den enkelte sak samtykke i at uttalelse gis muntlig.

§ 38. (formkrav og kunngjøring).

En forskrift skal:

- a) inneholde en uttrykkelig¹ henvisning til den eller de bestemmelser som gir forvaltningsorganet hjemmel til å utferdige forskriften.*
- b) nevne det forvaltningsorgan som har gitt forskriften;*
- c) kunngjøres i Norsk Lovtidend (gjeld ikkje for skulekrinsgrenser);*
- d) i kunngjøringen betegnes som forskrift.*

§ 40. (adgangen til å fravike forskrifter).

En forskrift kan ikke fravikes av et forvaltningsorgan, med mindre forskriften eller vedkommende hjemmelslov gir adgang til det.

Om kommunen fastset ei nedre grense for barne/elevtal som automatisk fører til nedlegging av ein barnehage eller skule så kan ikkje kommunen unnlate å gjennomføre dette dersom vilkåra (elevtal under grensa) er tilstades. Har kommunen i forskrift fastsett ei nedre grense så må ev forskrifta opp til endring etter den prosedyre som er omtala i forvaltningslova om kommunen likevel i ein konkret situasjon ynskjer å oppretthalde ein skule.

På den annan side slepp kommunen - for seinare situasjonar der bornetalet kjem under den fastsette grense, å gjennomføre den omfattande prosedyra med forskriftsendring dersom det allereie stend i forskrifta at elevtal under ei viss grense automatisk fører til endring av krinsgrense.

Rådmannen ynskjer innspel på om det er tenleg å fastsetje i forskrift eit nedre tal på born i barnehage eller skule som automatisk fører til nedlegging – dvs endring av opptaksområde/krinsgrense.

Det kan vera ei problemstilling om ei ev nedlegging berre skal vera mellombels. Om elevtalet aukar slik at det kan koma på tale å opne ein nedlagt skule att så må dette vurderast i budsjett/økonomiplanarbeidet året før ei ev gjenopning. I tillegg må det gjennomførast ei forskriftsending etter den prosedyre som gjeng fram av forvaltningslova.

Alternativt at ny forskrift inneheld ein paragraf om at dersom elevtalet aukar til over eit visst nivå så skal eller kan skulekrinsen etablerast på nytt – jf forvaltningslova §40.

Innsparing pr år:

Her har eg teke utgangspunkt i budsjettali for 2010. I tillegg har eg sett ein pris på kvar rammetime på kr 28 000,-. Vidare at trongen for spesialundervisning og assistanse for ein konkret elev er den same uavhengig av kva for skule eleven gjeng på.

Elevane og barnehageborna tek med seg sine driftsutgifter til alternativ skule eller barnehage.

For å koma fram til innsparing ved nedlegging av ein skule eller ein barnehage må då dei auka utgiftene for den skulen eller barnehagen borna ev flyttar til trekkast frå.

Nedlegging Byrte oppvekstsenter: kr 2,2 mill

Kjem fram slik: barnehagen kr 0,6 mill, småskulen 0,9 mill og mellomsteget 0,7 mill (mellomsteget er mellombels redusert grunna få elevar)

Nedlegging ÅVOS oppvekstsenter: kr 1,6 mill

Småskulen kr 0,9 mill, mellomsteget kr 0,7 mill (barnehagen held fram – ev som underavdeling).

Nedlegging Lårdal oppvekstsenter: kr 1,6 mill

Småskulen kr 0,9 mill, mellomsteget kr 0,7 mill (barnehagen held fram – ev som underavdeling)

I reknestykkja ovanfor har eg ikkje vurdert kva strukturendringane kan ha å sei for andre inntektskjelder for kommunen som skatteinngang og rammetilskot. Dette er det nærast umogleg å rekne på då det er for mange ukjente og usikre faktorar å taka omsyn til.

Kommunestyret har vedteke å redusere driftsnivået med 9,8 mill kr i økonomiplanperioden.

Utanfor mandatet – breiare samfunnsmessige omsyn

Følgjande moment er ikkje teke med i denne vurderinga, men skal takast i vare av kommunestyret sjølv:

- Tydinga av lokal identitet – elevane vert nærare knytt til grenda – meir truleg at dei vil søkje heim att som vaksne?
- Kor viktig er oppvekstsenteret/grendeskulen for tilflytting?
- Skulen som samlingspunkt i grenda – 17.mai, joletefestar og liknande.
- Kva for verknad har tap av arbeidsplassar for lokalmiljøet?

Alternative forslag til endringar i barnehage- og skulestrukturen

Rådmannen legg med dette fram 3 ulike alternative endringar. I tillegg kan ein utvide alternativ 2 og 3 - til dømes for å auke innsparinga ut over det som no er minimumsmålet.

I tillegg kan ein vurdere (mindre) justeringar av kringsgrensene. Delar av Mo (som høyrer til Byrte skulekrins) kan tenkjast lagt til Dalen, og det same med Eidsborg og Bandaksli/Lauvik. Svingen/Skafså kan tenkjast lagt til ÅVOS. Det har ikkje kome innspel på at slike mindre grensejusteringar er aktuelle.

Alternativ 1: 2 skule- og barnehagekrinsar i kommunen – Høydalsmo og Dalen

Dette er det mest ytterleggående alternativet som er teke med mellom anna for å sjå kva for innsparing ein då kan oppnå.

Ei føremon med å ta eit slikt omfattande grep er at strukturen då kan ligge fast over tid. Høydalsmo skulekrins femner i dette alternativet om noverande Lårdal og Høydalsmo skulekrinsar; og 1 – 10.klassesteg.

Dalen skulekrins femner i forslaget om Byrte og Åmdals verk skulekrinsar i tillegg til Dalen, med Eidsborg som eit mogleg tillegg.

Elevtal skule pr. 1.aug 2011 – alt 1:

Høydalsmo skule:

1.kl	2.kl	3.kl	4.kl	Sum	5.kl	6.kl	7.kl	Sum	8.kl	9.kl	10.kl	SUM	Elevar i alt
				1-4				5-7				U.sk	
6	4	8	5	23	5	7	9	21	14	7	10	31	75

Tokke skule:

1.kl	2.kl	3.kl	4.kl	Sum	5.kl	6.kl	7.kl	Sum	8.kl	9.kl	10.kl	Sum	Elevar i alt
				1-4				5-7				U.sk	
13	17	16	12	58	26	23	21	70	21	20	25	66	194

Tal på born i kvar krins som er aktuelle for barnehageplass frå 1.aug 2011 (born født mellom 1.jan 2006 og 31.juli 2010):

Barnehage:	f. 06	f. 07	f. 08	f. 09*	f.10*	Sum born	Plassar
Høydalsmo	5	1	5	1	2	14	17
Dalen	13	16	9	11	9	58	78
Byrte	3	0	4	2	3	12	17
Åmdals verk	2	3	0	5	1	11	17
Lårdal	4	3	4	2	2	15	19

Som ein ser vil det krevje 2 avdelingar om dei fleste born i Høydalsmo og Lårdal krins skal få tilbod om barnehageplass.

Eg legg til grunn vidare at krinsen treng 2 avdelingar á 18 plassar, og at barnehagane i Høydalsmo og Lårdal difor bør halde fram.

I Byrte barnehage har berre 1 av 12 aktuelle born søkt plass frå 1.aug 2010, men eitt born til har søkt plass frå 1.jan 2011.

Det er ikkje plass til borna frå Åmdals Verk i Dalen barnehage.

Ei samling av ungdomsskulane i kommunen vil gje fylgjande elevtal:

År	8.kl	9.kl	10.kl	SUM
2011	35	27	35	97
2012	30	35	27	92
2013	30	30	35	95
2014	17	30	30	77
2015	24	17	30	71
2016	19	24	17	60
2017	19	19	24	62
2018	28	19	19	66

Det vil vera problematisk for Tokke skule å kunne huse så store klasser som ei samling av ungdomsskulane inneber dei næraste åra utan ombygging. Samling av ungdomsskulane i kommunen kan ev vurderast på nytt når elevtalet stabiliserar seg i overkant av 20 elevar i aktuell alder.

Konklusjon alternativ 1:

Alternativ 1 med 2 skulekrinsar bør innehalde fylgjande barnehage-, SFO- og skuletilbod:

1. Høydalsmo barne- og ungdomsskule og SFO.
2. Høydalsmo barnehage med underavdeling Lårdal (bør ev vurderast nærare om Lårdal skal ha eigen styrar).
3. Tokke skule og SFO
4. Nye Dalen barnehage med 5 avdelingar (90 plassar). (2) el 3 avdelingar tilrettelagt for dei minste; eitt- og toåringar.
Åmdals Verk barnehage held fram inntil vidare anten som underavdeling av Dalen barnehage eller som sjølvstendig eining.

Samla innsparing for alternativ 1 slik dette er omtala ovanfor vert om lag 5,4 mill kr pr år, men kan bli større om heile bygget vert teke ut av bruk (særleg aktuelt for Lårdal skule og ÅVOS som har eigne grendehus).

NB! Denne innsparinga kan bli vanskeleg å få til allereie fyrste året utan at overtallige lærartilsette vert sagt opp. Skal nedbemanning skje gjennom naturleg avgang, må ein ta høgde for at det vil gå fleire år før den økonomiske gevinsten av strukturendringa vert nådd fullt ut. Eit slikt alternativ kan òg gjennomførast stegvis.

Alternativ 2. Flytting av mellomsteg til anten Høydalsmo og/eller Tokke skule

Mellomstega på oppvekstsentra har fylgjande elevtal ved skulestart hausten 2011: Tabellen har også med samla elevtal på mellomsteget for etterfylgjande år.

Oppvekstsenter:	5.kl	6.kl	7.kl	Sum	2012	2013	2014	2015
Byrte	4	1	3	8	5	4	2	5
Åmdals verk	2	5	7	14	9	5	8	8
Lårdal	0	2	3	5	5	7	7	7

Eg legg til grunn at flytting av eit mellomsteg vil gje ei netto innsparing på kr 0,7 mill. Ein kan nok finne skilnadar i kostnadar skulane i mellom år om anna, men dette er meir tilfeldige variasjonar grunna trong for spesialpedagogiske tiltak og liknande.

Konklusjon alternativ 2:

Ved å flytte 2 mellomsteg til anten Høydalsmo eller Tokke skular vert innsparingsmålet nesten nådd – om lag 1,4 mill kr i reduserte utgifter.

Åmdals verk har den særskilte problemstillinga knytt til lang skuleveg for Lauvikgrenda. Lårdal og Byrte peikar seg såleis ut.

For å nå målet på minst 1,5 mill bør i tillegg Byrte barnehage vurderast lagt ned grunna få born (1 – eitt barn pr. 1.aug 2010, men mogleg 4 born frå hausten 2011).

Alternativ 3. Nedlegging av eitt eller fleire oppvekstsentra

Elevprognose for oppvekstsentra:

Oppveksts:	1.kl	2.kl	3.kl	4.kl	Sum	5.kl	6.kl	7.kl	Sum	SUM	Barneh.	12	13	14	15
Byrte	3	2	0	0	5	4	1	3	8	13	9	13	12	10	11
ÅVOS	2	5	1	2	10	2	5	7	14	24	10	19	17	15	18
Lårdal	3	0	4	3	10	0	2	3	5	15	13	16	17	21	20

Av elevprognosa gjeng det fram at den vidare elevtalsutvikling er positiv for Lårdal, om lag stabil for Byrte og ein liten nedgang for ÅVOS.

Som det gjeng fram av alternativ 1 så vil nedlegging av Byrte oppvekstsenter spare om lag 2,2 mill, medan nedlegging av Lårdal eller Åmdals Verk oppvekstsenter berre vil spare 1,6 mill då barnehagane her bør halde fram.

Sparemålet på 1,5 mill vert nådd jamvel om barnehagedelen av eit oppvekstsenter vert halde oppe.

Konklusjon alternativ 3

Ut frå elevtal og reiseavstand er Byrte oppvekstsenter nærmast til å bli lagt ned.

Oppsummering

Det er dei økonomiske grunnane som talar for å redusere barnehage- og skulestrukturen. Kvalitet/læringsmiljø og sosiale omsyn kan i stor grad takast i vare uavhengig av struktur.

Alternativ 1 inneber ei stor omlegging, men vil og vera ein struktur som kan liggje fast over tid. Alternativet kan gjennomførast stegvis og ville mona godt i høve til det økonomiske innsparingsmålet på 9,8 mill kr innan 2014.

Fordelen med berre å flytte mellomsteg - og halde fram med barnehage og småskule i ei grend, er at dei minste borna då slepp lang reiseveg til skulen, barnehagetilbodet vert lettare tilgjengeleg for foreldra og grenda vil framleis ha eit oppvekstsenter.

Ei særleg problemstilling med lang skuleskyss gjeld elevar frå Lauvikgardane ved ei ev nedlegging av ÅVOS. Elevar frå Lårdal vil òg få lang reisetid ved flytting til Høydalsmo slik skuleskyss og skulestart ved Høydalsmo skule er i dag.

Byrte barnehage har få søkjarar og SFO-tilbodet er i barnehagen. Ved ev nedlegging av Byrte barnehage medan småskulen held fram så må eit ev SFO-tilbod gjevast på ein annan måte.

Byrte er til dels dela i to bygder - Byrte og Mo. Born frå Mo vil ikkje få vesentleg lengre skuleveg om deira barnehage- og skuletilbod vert flytt til Dalen.

3 alternative endringar i barnehage- og skulestrukturen vert med dette lagt fram til offentleg høyring:

1. 2 barnehage- og skulekrinsar i Tokke (Høydalsmo og Dalen), men der Lårdal og Åmdals verk barnehagar held fram.
Innsparing 5,4 mill kr.
2. Mellomstega ved Lårdal og Byrte oppvekstsenter leggst ned samt barnehagen i Byrte (grunna få born).
SFO i Byrte organiserast særskilt for dei 5 borna som er att
Innsparing 2,2 mill kr minus ev utgifter til etablering av SFO-ordning.
3. Byrte oppvekstsenter leggst ned (innsparing 2,2 mill kr).

Rådmannen ber i tillegg om innspel/merknadar til fylgjande forslag om innhald i ny forskrift om opptaksområde:

1. Søknadar om skulebyte skal normalt imøtekomast så lenge det ikkje fører til vesentleg auka kostnadar for kommunen.
2. Er elevtalet i ein skulekrins mindre enn 8 i 1.-4.klassesteg og 6 i 5.-7.klassesteg vert skulekrinsen lagt ned.
Talet på elevar med bustadadresse i opptaksområdet pr. 1.sept året før vert lagt til grunn.
3. Ein grendebarnhage skal ha minst 6 born rekna ved hovudopptaket det enkelte år. Det er ein føresetnad at krinsens born får tilbod om plass ved annan barnehage i kommunen.

Frist for merknadar og innspel elles til dette høyringsdokumentet er 21.okt 2010.

Vidare framdrift i saka er at høyringsdokumentet vert presentert på foreldre/grendemøte i veke 40 og 42 (sjå egne lysingar om dette).

I samband med grendemøta vert det også høve til å fylle ut eit spørjeskjema for å gje uttrykk for ditt syn.

Når høyringsfristen er ute så vil rådmannen laga ei innstilling med tilråding på kva for strukturendring og forslag til ny forskrift kommunestyret bør vedtaka. Dette vert gjort i form av ei politisk sak som vil vera offentleg frå byrjinga av november.

Saka skal så handsamast av fleire politiske organ før ho vert endeleg avgjort av kommunestyret den 30.nov.

Velkomen med innspel!